

Kva:	Protokoll møte nr. 01 i Skikrinsstyret, 2023-2025
Tidspunkt:	Tysdag 3. juli, kl. 19.30
Stad:	Digitalt møte (Microsoft Teams)
Sakliste:	REFERATSAKER SAK 01 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER SAK 02 23-25 Budsjett 100-års markering EVENTUELT SAK 03 23-25 Team Elon Vest SAK 04 23-25 Møteplan hausten 2023
Til stades:	Jorunn Åsfrid Røyrvik, Tonje N. Tangerud, Anders Engeland, Hilde Katrine Engeli, Tor Arne Hov, Roger Ellingsund og Jon Ove Lomheim
Forfall:	Kennet Dvergedal (adm.)
Referent:	Jorunn Åsfrid Røyrvik

REFERATSAKER

SAK 01 23-25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 02 23-25

Budsjett 100-års markering

Bakgrunn

I sak 57 21-23 oppretta Skikrinsstyret jubileumskomiteen som skulle jobbe med markeringar i samband med Sogn og Fjordane Skikrins sitt 100 års jubileumsår i 2023. Komiteen består av Inge Fænn som leiar, og Anders Engeland, Yngve Thorsen, Lilly Schøyen og Per Birger Lomheim, som medlemmar.

I rammer for budsjett for 2023 gjorde Skikrinsstyret følgjande vedtak til markeringar i samband med 100 års jubileum:

100 års jubileum

Til andre markeringar i samband med 100års jubileum har Skikrinsstyret i SAK 71 21-23 satt av kr. 100 000,-.



Jubileumskomiteen har gjort framlegg om å auke budsjettet til kr. 150 000,-. Bakgrunnen for budsjettauke er gjennomføring av markering i samband med Haustmøtet til Skikrinsen, laurdag 21. oktober.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å auke rammer for budsjett i samband med 100 års jubileum til kr. 150 000,-.

EVENTUELT SAK 03 23-25

Team Elon Vest

Bakgrunn

Team Elon Vest er eit satsingslag i langrenn for løparar frå skikrinsane Sogn og Fjordane Skikrins, Hordaland Skikrins, og Agder og Rogaland Skikrins. Laget er leia av ei styringsgruppe som består av LK-leiarane i alle krinsane og ein representant frå NSF.

Hovudinntekta til laget består av tilskot frå Norges Skiforbund, eigenandel frå skikrinsane og eigendel frå utøvarane.

Som følgje av at Norges Skiforbund må kutte kostnader for komande sesong er tilskotet til Team Elon Vest redusert frå kr. 1 000 000,- til kr 800 000,-. For å sikre tilstrekkeleg drift av laget har styringsgruppa gjort fleire tiltak for å reduserer kostnader og kome med framlegg om å auke inntekter. M.a. er det ønskje frå styringsgruppa å auke krinskontingenten frå kr. 10 000,- per utøvar til kr. 15 000,- per utøvar.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å auke krinskontingent til Team Elon Vest til kr. 15 000,- per utøvar.

SAK 04 23-25

Møteplan hausten 2023

Bakgrunn

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande møteplan:

- Onsdag 23. august, digitalt møte
- Fredag 22. september og laurdag 23. september, styreseminar (stad uavklart)



Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jorunn Åsfrid Røyrvik (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef